



Bygland kommune

Dato: 19.05.2022
Vår ref: 19/00311-4
Deres ref:

4745 BYGLAND

Fråsegn til 2. gongs offentleg ettersyn av områderegulering for Ose bygdesenter i Bygland kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG,NR, NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 7. april 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saka

Hensikta med planen er å leggje til rette for ny Ose bru, kommunalt reinseanlegg, god trafikal avvikling, også for mjuke trafikantar og for nærings- og kulturinteresser.

Fråsegn frå DMF

DMF visar til fråsegn gitt til varsel om oppstart 06.03.2019, der vi opplyste om mineralske førekomstar innanfor planområde, samt tidlegare masseuttak (Fossli råstoffområde). Vi ser av saksframlegget at rådmannen i si innstilling vurderer at området er mindre eigna til råstoffutvinning da område har stor nærleik til bustader og bygningar. DMF legg med det til grunn at kommunen vel å prioritere annan arealbruk framfor utnyttinga av ressursar i førekomsten, noko som syner at ressursane kan verte varig bandlagt. Dersom ny arealbruk og tilpassing av areala kan medføre mindre uttak av masser, bør det søkast å finne ei samfunnsnyttig bruk av massane.

DMF har ingen ytterlegare merknadar til 2.gongs offentleg ettersyn av områderegulering for Ose bygdesenter i Bygland kommune.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig



verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Kristine Stenvik
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kristine Stenvik

Mottakarar:
Bygland kommune

4745 BYGLAND

Kopi til: